



Terje Sigurd Eknes  
Burumveien 6  
1430 ÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3733 - 19/13395

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
30.04.2019

## Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 239/6 Eknes ytre

Tiltak: ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 239/6  
Tiltakshavar: Terje Sigurd Eknes

Kommunen syner til søknad om deling motteke 12.12.2018 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 22.02.19

Søknaden har framleis manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon.

Kommunen manglar framleis dokumentasjon på at dei 2 øvrige heimelshavarane samtykker til tiltaket. Fullmakt som var sendt inn er ikkje gyldig då den er eldre enn 2 år. Det går fram av fullmakta at den ikkje gjeld for meir enn 2 år. Det må difor sendast inn anna dokumentasjon på at øvrige heimelshavarar samtykker til tiltaket.

Søknad om dispensasjon er ikkje grunngeven. Det er eit krav ved søknad om dispensasjon at det ligg føre grunngeven søknad om dispensasjon. Eg har lagt ved eit skriv med rettleiing om kva som bør være med i ein dispensasjonssøknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.06.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
dispensasjon NKF-veileder

**Mottakarar:**

Terje Sigurd Eknes

Burumveien 6

1430

ÅS